

Mønshaugen barnehage

Tymbrålen 44

5700 Voss

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Samarbeidsutvalet i Mønshaugen barnehage sender utale på høyring om ny rammefinansiering av private barnehagar frå 01.01.2011.

*§2 d "Kommunale barnehagar med særskilt høge kostnader til ordinær drift kan haldas utanfor tilskottsgrunnlaget"*

§2d er svært så uklar , det er vanskelig ut frå høyringsdokument å forstå kva som blir rekna som særskilt høge kostnader . Og kvifor skal de holdast utanfor tilskottsgrunnlaget? Stiller og her spørsmål om det er mulig å oppnå 100% likeverdig behandling av private barnehagar opp mot kommunale barnehagar, når kommunane kan legge billigaste driftsgrunnlag til grunn for utrekning av tilskott til private barnehagar.

Intensjonen til regjeringa er 100% likebehandling mellom kommunale og private barnehagar innan 5 år. Då må ein og lage ei ordning som gjev likeverdig behandling , og ikkje minst at me som driv private barnehagar skjønner utrekningsmodell som skal ligge til grunn for tilskottet vårt frå kommunen.

*§5. Tilskott til drift og §6 tilskott til kapital.*

For vår barnehage har statstilskot vert ei forutsigbar inntekt . Når det gjeld tilskott frå Voss kommune har det ikkje vert rekna ut før heilt på slutten av året. Dette har vert med å skapa mykje usikkerheit gjennom heile året. Derfor ynskjer me at den nye tilskottsmodellen må bli meir forutsigbar og ikkje minst rettferdig d.v.s 100 % likeverdig behandling. Ut frå at kommunane skal overta utrekning og utbetaling av alt tilskott til private barnehagar, må me kunne krevje at me får vita kor mykje ein får i tilskott første kvartal i driftsåret.

*§9. Endringar i grunnlaget for dei kommunale tilskottssatsane.*

Her støttar me PBL som seier at ein kan ikkje akseptera denne ordninga slik den ligg i dag. Likebehandling må ta utgangspunkt i det enkelte budsjett/ rekneskapsår. Og det må sikrast at kommunen etterberegner likebehandlinga av barnehagen kvart år når det ferdige rekneskap vert lagt fram.

*§11. Barnehagar som i løpet av året mottar høgare tilskott enn den har krav på, må enten tilbakebetala et tilsvarande beløp eller får trekk frå beløpet ved seinare eller neste års utbetaling av tilskott.*

Her støttar me PBL som seier at det ikkje bør vera behov for presiseringar utover det som ligg i forvaltningslova. Kommunane må ha kompetanse til å handtera dette finansieringsansvaret dei får. Kvifor skal kommunen ha eigne reglar her?

Avslutning:

Det var vanskeleg og forstå ut frå dette høyringsdokumentet kva denne nye finansieringsmodellen får å seia for vår drift. Vert denne finansieringsmodellen 100% likeverdig behandling i forholdet mellom kommunale barnehagar og private barnehagar i framtida?

For samarbeidsutvalet i Mønshaugen barnehage 18.06.2010

Liv Sissel Steen-Olsen